

Modalen kommune
v/rådmann Jo Tømmerbakke
Pb 44
5729 Modalen

Brev om oppstart av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har i Ku-sak 35/22 og 44/22 tinga forvaltningsrevisjon om:

Oppfølging av politiske vedtak i Modalen kommune.

Kontrollutvalet har formulert **formålet** med forvaltningsrevisjonen som følger:

Ansvar for å treffe vedtak på vegne av kommunen er lagt til kommunestyret, medan ansvars for å iverksetja vedtaka er lagt til kommunedirektøren. Denne forvaltningsrevisjonen har som føremål å sjå nærare på tilhøve som er sentrale for samspelet mellom politisk- og administrativ leiing i høve iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak.

Det vil bli sett på system og rutinar for oppfølging av vedtak for å sjå om desse legg til rette for eit godt samspel mellom politisk- og administrativ leiing. Vidare vil ein sjå på utforminga av møteprotokollar og politiske vedtak samt korleis politisk nivå opplever iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak.

Me viser til vedlagt prosjektplan for nærare detaljar.

Me startar opp arbeidet no med mål om ferdigstilling av rapporten i løpet av 2023.

Rutinen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar tilseier at arbeidet skal starte opp med eit oppstartsmøte. Etter avtale med rådmannen kallar me inn til møte **7. desember 2022. Møtetid vil vera frå kl. 11.00 til 12.00 på rådhuset i Modalen. Me ber rådmann setja av eit eigna møterom for dette møtet.**

Frå Modalen kommune stiller rådmann Jo Tømmerbakke og assisterande rådmann Tonje H. Aarland. Frå revisjonen møter Arne Gilbakken (oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor) og Gudrun Marie Helleve (forvaltningsrevisor).

Me ynskjer å gå igjennom problemstillingane og drøfta desse for å få relevant informasjon frå leiinga i forhold til problemstillingane og avklara vidare framdrift og kommunikasjon.

Voss, 22.11.2022

Arne Gilbakken
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor
-sign-